

Frivilligsentralens Sommaravslutning

Tysdag 10.juni kl. 18:00 HEGNI

Bykle Frivilligsentral ynskjer alle velkommen til felles sommaravslutning for alle våre aktiviteter.

Me fyrer opp grillen, og serverer kake, kaffe og te.

I området er mange flotte turmuligheter, Jernvinnemuseet er ope og du kan låne kano og kajakk om du vil ut på vatnet.

Me håpar alle tar turen nedom for å avslutte året saman med musikk og hyggelig prat!




BYKLEDAGEN

06.09.2025

Vil du selje på Bykledagen 2025?

Har du heimelaga produkt å tilby?
Vi ser etter lokale utstillarar til 6. september.
Avgrensa tal plassar - meld deg på no!

e-post: lina@hovden.com

Basar i Hoslemo bedehus

Velkommen til basar i Hoslemo bedehus laurdag 5.juli kl. 18.00. Det vert andakt av Livar Veggeland, årsal på kaker og loddosal. Pause med servering av mat og drikke. Trekking av sommarlotteriet.
Arr. Hoslemo bedehus



Laurdag 14. juni, tur til dagsturhytta Jarebu på Jarekollen

Fellesstart kl.11 - vel frå anten Vassverket eller Kileleitet:

Frå «Vassverket», på sti frå lysløypa - på denne stien vert «Escape Room» for dagsturhytta lansert og lagd ut med oppgåver som kan løysast langs stien opp mot Jarebu. Passar godt for ungdom.



Frå parkeringsplass ved Kileleitet (3 km inni lysløypa), vert det lagd ut ein familie-natursti med oppgåver for små og store.

Premiering på toppen



Alle tek sjølv med det ein treng av niste og drikke til pause på Jarekollen. Arrangement i regi av Friluftslivets år v/Bykle Idrettslag og Bykle KFUK/M-speidargruppe

Hjarteleg velkomen på tur!



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Juni 2025 36. ÅRGANG

Bykle kjempar mot utanforskap



Nokre av dei som bidreg i prosjektet. Frå venstre: Agnes Fosse Hovden frå rideklubben, Bernt Einar Berntsen frå Bykle Pensjonistlag, Vidar Mortensen i Brynje-prosjektet og Aud Standal Skagestad i diakoniutvalet.

Helsedirektoratet har innvilga ein søknad om 450.000 kr. til inkluderingsarbeid i Bykle kommune via prosjektet "Ein inkluderende kommune for alle".

Prosjektet i Bykle som no får støtte handlar om inkluderingsarbeid der kommunen i stor grad skal samhandle med ulike lokale lag og foreiningar. Det skal arbeidast på nøytrale og ikkje-kommunale arenaer med ulike tiltak tilpassa behov og interesser.

Møteplassar

I satsinga i Bykle skal det skapast møteplassar og fellesskap, og både bygdefolk, flyktningar, born, eldre og barnefamiliar skal aktiviserast. Det skal gjennomførast mykje frivillig innsats, og alt som blir av aktivitetar skal vere gratis.

– Det i seg sjølv er inkluderande, seier Vidar Mortensen i Brynje-prosjektet, som strekar under at behovet for meir inkludering kan gjelde i alle demografiske grupper og ulike aldrar. Rekruttering til prosjektet blir i stor grad gjennomført via dei ulike laga og foreiningane blir med.

Civis har blitt Friskus kommune

Godt over 3500 menneske følgjer Bykle kommune via appen Civis, som sender ut pushvarsler om nyheiter kommunen legg ut på heimesida. Appen er gratis å laste ned og bruke—men no har appen fått nytt namn. Innhaldet er det same, utsjånaden er endra—no er det Friskus kommune ein må ha på mobilen for å få stort og smått frå Bykle kommune med seg.

Oppdatere er nok

For den som har Civis, skal det vere nok å oppgradere appen, så får ein Friskus kommune i staden. Dei som har slått av automatisk app-oppdatering på mobilen, må gå inn manuelt og oppdatere Civis. Då skal altså Friskus kommune poppe opp av seg sjølv og bruken er som før.

Kurs med Bykle Husflidslag hausten 2025

Gråkopte

m/Laila Rysstad og Inger Homme. Eit 70 timars kurs som går kvar måndag frå 18.august, kl 17-22. Dei to fyrste gongene vil vere på Rysstad, elles i Lislestog i Bykle. Påmeldingsfrist 24.juni.



Saume jure

(belte til bu-nad) v/Karin Bøe. Eit 40 timars kurs som går kvar onsdag frå 3.september, kl 17.30-21.30, i Lislestog. Påmeldingsfrist 13.august.



Trykking på skinnfell

v/Marianne Solbakk Lye og Tonje Flatø Nessa. Eit 10 timars helgekurs med fokus på julepynt, 10.-11.oktober (kl 18-21/kl 09-16). Påmeldingsfrist 10.september.

Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl: jorgine@online.no eller tlf.: 951 72 235.

Medl. 40,-/time, ikkjemedl. 70,-/time. Kursmaterieell kjem i tillegg.

Arr.: Bykle husflidslag

DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

Sundag 1.6 klokka 11—

Konfirmasjonsgudsteneste, Bykle kyrkje

Me oppmodar kyrkjelyden til å feire konfirmantane våre med oss denne dagen!

Sundag 8.6 klokka 11—

Konfirmasjonsgudsteneste, Fjellgardane kyrkje.

Sundag 22.6 klokka 11—Gudsteneste, Bykle gamle kyrkje.

Samlingar

Tysdag 10.6 klokka 18—Bøn for verda, Valle kyrkje.

Onsdag 25.6 klokka 19.30—Orgelkonsert, Valle kyrkje.

Onsdag 2.7 klokka 19.30—orgelkonsert, Valle kyrkje



Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



Aktiv på dagtid i Bykle

Er du heime på dagtid, eller treng ein pause i arbeidstida og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?



«Aktiv på dagtid» består av tre ulike aktivitetar som passar for deg som vil vere med på noko triveleg, enten du har ledig tid på dagtid eller ønskjer å ta ein pause i arbeidstida. Alle er hjarteleg velkomne, uavhengig av fysisk form.

UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKESLETT	MØTESTAD	KONTAKTPERSON
MANDAG				
TYSDAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Hovden grendehus	Line Steine, tlf: 917 01 414
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:30	Hovden grendehus	Susanne Bergstø, tlf: 921 17 233
TORSdag	Trimtreff	11:00-12:00	Bykle samfunnshus	Bjerg Sissel Tveiten, tlf: 901 40 467
FREDAG				Aud Skagestad, tlf: 900 70 995

Meir informasjon og oversikt over aktivitetane finn du i kalenderen på Bykle Frivilligsentral.



Opningstider kultur & fritid:

Hovden grendehus og bibliotek tel. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tel. 902 16 856
- Måndag-torsdag 8-21 - Fredag 8-16	- Måndag 10-16.30 - Torsdag 10-16.30
Stengt 9. juni Siste opningsdag 27. Juni Me opnar igjen 3. august	Meiropent bibliotek alle dagar 7-23 Sommarstengt i skulens ferie

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss

- Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune.
- Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-
- Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga.
- Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbod rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. trinn.

Me er på Spond! Kode: **IFZBR**
kultur@bykle.kommune.no


Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.

Ny frivilligleiar

Stine Rambekk Gulowsen er tilsett som ny leiar i Bykle frivilligsentral i eit eittårig vikariat. Ho er alt i gang i stillinga. Rambekk Gulowsen er opphoveleg frå Skien, men har mellom anna budd i Kristiansand som student. Ho har bakgrunn innan alt frå pedagogikk til ernæring, og har mastergrad innan folkehelsevitskap.

- Så er eg alltid open for innspel om aktivitetar eller anna, dei som vil nå meg kan sende ein epost på:

stine.rambekk.gulowsen@bykle.kommune.no



Kulturprisen til Tom Are og Berit



Tom Are Strømsvik og Berit Follerås fekk Bykle kommune sin kulturpris 17. mai.

(Foto: Helga Jacobsen)

For Berit og Tom Are har gjennom mange år vore med på ikkje bare å sette preg på men å forme Hovdenrevyen - til glede for fastbuande og tilreisande publikummarar. Kven kan vel gløyme Berit som "Jon Rolf"? Kven kan kome over "gummitrynet" Tom Are kan prestere? På dei skrå bredder øvst i Setesdal har radarparet lokka fram så mang ein gapskratt - kvast og på kornet, men aldri stygt. I tillegg til det dei to har gjort på scena har dei vore vel så viktige i kulissane som tekstforfattarar og av og til leiarar for heile revyen. Mange sette difor stor pris på at no vart dei heidra med kulturprisen.

Bykle vaskeri skal vaske for Bykle hotell

Frå no av skal Bykle vaskeri ta seg av klesvasken for Bykle hotell.

Bykle hotell er den første kommersielle kunden for Bykle vaskeri. - Me har vaska for Bykleheimen eit års tid, men det var på tide å få inn ein kunde frå næringslivet. Me gler oss over at Bykle hotell ser verdien i å handle lokalt, og ser at me er ein profesjonell aktør, seier driftsleiar i Bykle vaskeri, Åshild Bryggesså.

- Ei fleksibel og god løysing for oss. I høysesong kan me ha 150 senge sett i veka å vaske, no kan me snu oss kjapt om det dukkar opp noko,



Frå venstre, Hanna Auestad, Bykle hotell, Åshild Bryggesså, Bykle vaskeri, og Vidar Mortensen frå Brynjeprosjektet som følgjer opp vaskeriet på vegne av Bykle kommune.

seier Hanna Auestad ved Bykle hotell.

Velkomen til utstillingsopning

Løyni [ˈlɔyni]

Gøymestad i Setesdal

14. juni kl. 14:00

Setesdalsmuseet

Servert av setesdalsuppe



Anbudskonferanse for Rv9-parsell



Nyleg vart det skipa til ein såkalla anbuds-konferanse for neste parsell på riksveg 9, Geiskelid-Badstogdalen i Bykle.

Til konferansen som Statens vegvesen skipa til kom interesserte entreprenørar som fekk vite meir om prosjektet. I alt skal det byggjast kring 3,5 km ny riksveg 9. Prosjektet omfattar også to busslommer, vegskulder og dessutan ei omarbeiding av deler av gamal vegtrase til gang- og sykkelveg. Verksemdene Hovden Hytteservice AS og Hirth Himle AS deltok.

Samdrift ved legekantora i sommar

Det er samdrift i legekantora i Bykle og Valle i sommar. Frå og med veke 25, måndag 16. juni, til og med veke 32, fredag 8. august—er det til legekantoret i Bykle pasientar med time må møte opp.

Tømekalender

Restavfall: 11.06, 25.06

Matavfall: 11.06, 25.06

Papir, glass/metall, plast: 11.06

Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no